



## Notat

Dato: 12.08.2016  
Arkivsak: 2015/3001-10  
Saksbehandlar: knudjuv

---

**Til:** Fylkesutvalet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

### Svar på oversending - moglegheit for å bruke egne kontrollørar

I møteprotokollen frå fylkesutvalet 23.06.16 er det teke inn følgjande oversendingsforslag frå representanten Aud Karin Oen:

*«Fylkesutvalet ber om at ein ser på moglegheita for å bruke egne kontrollørar.»*

Det vert gjennomført mange billettkontrollar i Hordaland kvart år, noko som krev eit stort tal kontrollørar og ei omfattande ressursplanlegging. I 2015 vart det gjennomført ca. 17 500 kontrollar og 426 382 personer vart kontrollerte.

I høve kollektivstrategien skal ein prioritere å gi kundane eit best mogleg tilbod og å sørge for enkle og effektive reiser. Skyss sin administrasjon har kjernekompetanse på ruteplanlegging, kontrakt og leverandør oppfølging, marknadsføring og kundeservice.

Eigne kontrollørar ville krevje investering i utstyr og omfattande ressursar til rekruttering, opplæring, kapasitets- og skiftplanlegging. Behovet for kontrollørar er tidvis stort, som til dømes ved storkontrollar og i periodar med høg trafikk, og tidvis lågt, som om sommaren når både ruteproduksjonen og kundetalet er kraftig redusert. Gjennom avtale med underleverandør sikrar ein den naudsynte fleksibiliteten i inntektssikringa, og har moglegheit til å trekke inn ekstra ressursar i særskilte høve. Fylkesrådmannen ser ikkje at det ville vere føremålstenleg eller økonomisk lønsamt å bygge opp eit eige fagmiljø med kontrollørar.